



MØTEREFERAT

Referat frå: Samarbeidsmøte **Møtedato:** 29.08.2014 **Tid:** 09:00-11.00
Møteleiar: Ruth Ørnholt **Møtestad:** Varg Veum **Arkivsak:**
Referent: Sigrid Furnes **Ref.dato:** 29.08.2014 **Arkivnr.:**

Deltakarar: Ruth Ørnholt, Sigrid Furnes, Ágúst Magnusson, Marit Gro Berge, Bente Bing Kleiva
Fråvær:
Kopi til: Alle

Møtereferat frå møte mellom fylkesbiblioteket og Meland / Lindås om prosjekta Praksisfellesskap og Sterk, spenstig og klar

Orientering om Sterk, spenstig og klar

Ruth orienterte om prosjektet Sterk, spenstig og klar.

Strategiane er:

1. Utvikle 5 modellbibliotek , ansvarleg Sigrid
2. Kompetanseutvikling, ansvarleg Elin
3. Auke tal på arrangement og besøk i biblioteket, ansvarleg Helge
4. Auka digital formidling og innhaldsproduksjon, ansvarleg Lena og Laila M.
5. Profilere biblioteket sitt nye samfunnsoppdrag, ansvarleg Lena og Laila M.
6. Digitale ressursar, ansvarleg Águst

Dessutan er prosjektet «Digital debatt» kome inn som eit punkt 7. Lena er ansvarleg.

Av ein søknadssum på kr. 630.000 fekk prosjektet kr. 600.000, og er godkjent som eit treårig prosjekt. Laila Melkevoll er tilsett i eit 60 % vikariat for å jobbe med profilering og digital formidling.

Under punkt 3, vart frustrasjon over biblioteka sin manglande kjennskap til besøk frå Den kulturelle skulesekken lufta.

Under punkt 4, kom det fram ynskje om evaluering av sida mittnordhordland.no. Dialogen med CS Library har vore til dels sviktande.

Orientering om prosjektet Praksisfellesskap

Marit Gro og Bente informerte.

Av ein søknadssum på kr. 670.000 fekk prosjektet kr. 450.000 for eitt år. Det må søkast på nytt for dei to neste åra.

Prosjektet er av eit slag som er svært arbeidskrevjande. Når tildelinga frå Nasjonalbiblioteket er så redusert i høve søknadssum, må elles ordinære driftsoppgåver leggst til side for å kome i hamn med

oppgåvene som må gjerast for å vere à jour med framdriftsplanen i prosjektet. Grundig gjennomgang av revidert aktivitetsplan, viser at det er god framdrift i prosjektet og at ein er godt i rute i høve opphavleg driftsplan og ny aktivitetsplan.

Det vart peika på at det er godt samanfall mellom kompetanseutviklingsplanane i Praksisfellesskap og Sterk, spenstig og klar. Til dømes er utstillingskompetanse og god kunnskap til sosiale nettstader nemnd begge stader.

Det er naturleg at Agust og Lindås samarbeider om punkt 30 og dei delane av punkt 15 som omhandlar digitale ressursar.

Punkt 14: Felles samlingsutviklingplan er å sjå på som ein sær s viktig del av LIM-biblioteket.

Frå fylkesbiblioteket si side, vart det peika på at oppstart ikkje bør vere ved avslutninga av prosjektet. Ein vil derfor jobbe for å få til ei opning av dei meirope biblioteka og spesialbiblioteka 1. februar 2016. Resten av prosjektperioden bør nyttast til evaluering og justering. Marit Gro vil gå gjennom og justere aktivitetsplanen.

Om budsjettet: Åshild sin 20 % stilling må leggest inn i budsjettet. Midlane frå fylkeskommunen kr. 100.000 pr. bibliotek må brukast eller overførast Lindås og Meland før nyttår. Det kan vere aktuelt å bruke desse til innkjøp av utlånsautomatar.

Biblioteka bør prøve å forankre prosjektet politisk. Kommunane si økonomiske støtte til prosjektet kan kome gjennom ein søknad om midlar til meirope bibliotek. Kr. 100.000 pr. kommune vart nemnd.

Neste års søknad: Ruth vil gjerne sjå gjennom denne før den vert sendt.

Kva ventar ein av fylkesbiblioteket i tida framover:

Oppfølging av interiørarkitekten
Samarbeid om kompetanseheving

Det er semje om at ein bør ha samarbeidsmøte 1 gong i halvåret.